

Kongehytta i Heggelia i Målselv



Sett i lys av tysk byggeverksemd i Noreg under 2. verdenskrig

Av Audhild Olaisen

Kunsthistoriker

Kongehytta i Heggelia i Målselv

- Sett i lys av tysk byggeverksemd i Noreg under 2. verdenskrig

Kongehytta i Heggelia blei bygd i 1942. Byggherre var den tyske okkupasjonsmakta. Bygningen skulle huse høgstkommanderande innan Luftwaffe (luftvåpenet) på Bardufoss flyplass som både var under utviding med arbeidskraft frå blant anna russeleirane i området og i aktiv bruk. Etter slaget ved Narvik i juni 1940, fekk tyskarane kontroll over heile Noreg og såg Bardufoss flyplass som svært strategisk plassert for krigføringa på Nordkalotten. Den høgstkommanderande måtte då også ha ein standsmessig bustad.

Hytta blei opphavleg bygd nede ved elva i Heggelia, der Vilje byggefelt ligg nå. Det var eit godt stykke unna flyplassen og leirane. På 1950-talet blei ho flytta dit ho ligg nå. Den lafta tømmerbygningen er i ein etasje og omkransa av ein skigard. Grunnmuren er i naturstein, med lys sement som bindemiddel. Dette gir ein dekorativ effekt. Den tilbaketrekte plasseringa i skråninga opp mot Rustafjellet gir vidt utsyn over lia og dalen. Innanfor skigarden ligg også eit nyare, mindre anneks i same beisa tømmer som hovudbygningen. Det blei bygd til NM på ski i 2002 for å huse kongelege gjester. Namnet *Kongehytta* om hovudbygningen oppsto truleg etter at kong Olav V var gjest der i 1965. Bygningen liknar også ei tradisjonell norsk hytte i byggestil. Ellers fortel gjesteboka i hytta om samankomstar og tilreisande gjester blant befal i Forsvaret som overtok bygget etter krigen. I dag er hytta modernisert innvendig og inneheld i tillegg til bad og kjøken, soverom i nordre enden, men planløysinga er truleg den opphavelege. Hovudinngangen er under eit overbygg på langsida av bygningen. Mot sør er eit større opphaldsrom, ein hall, med åpen himling til åstaket. Ein stor, murt peis og eit langbord dominerer hallen. Vegg/himling har malt dekor som minner om tysk folkekunst. Frå hallen er det direkte utgang til en større terrasse i sør. Fotografier viser at fasadene med utbygg er uendra frå krigens dagar.

Fasadene er fint utført ned på detaljnivå. Ytterdørene er solide og staselege med fint utskåren dekor på dei kraftige beitskiene. Det same gjeld for stolpar og støttepilarar til både inngangspartiet og den overbygde terrassa. Det er også utsøkt smedarbeid i dørhengsler, handtak og anna metallarbeid både ute og inne. I det heile er hytta eit solid stasbygg som fortel at dette er bustad for dei øvste i det tyske militære hierarkiet.

Dei tyske okkupantane fekk sett opp liknande høgstatusbygg som *Kongehytta* over heile landet, då tilknytta militæranlegg av ymse slag. Dei siste åra har det blitt oppsving i forskinga på den tyske bygginga i Noreg under krigen, særleg etter at Todt-arkivet i Oslo og Berlin blei åpna for få år sidan. Kort sagt hadde den tyske Organisation Todt (OT) eit kontor etablert for planlegging og gjennomføring av tyske byggverk i okkuperte land for utvikling av den planlagte stornasjonen Tyskland. OT bygde i hovudsak for Wehrmacht. Organisasjonen bygde alt frå festningsverk og brakker i militær- og fangeleirar til høgstatusbygg som administrasjons- og bustadbygg for den militære overklassa. Etterkvart utvikla OT ei mengd typeteikningar som utgangspunkt for bygginga. Samtidig brukte OT også i stor grad typeteikningar frå norske entreprenørar som dei inngjekk kontrakt med for utbygging. Frå omkring 1942 fekk OT ei dominerande rolle innan byggeverksemd i Noreg. Den norske avdelinga fekk namnet *Einsatzgruppe Wiking*. Det norske OT-arkivet inneheld i dag ein del

tyske, men flest norske typeteikningar. Det fortel noko om kor aktive norske entreprenørar var innan denne verksemda.

Det var to Todtleirar i Målselv frå året 1942, ein i Finnsund og ein på Høgtun. Det tyder på stor byggeverksemd i området. Samtidig blei det også oppretta mange krigsfangeleirar. I Todtleiren på Høgtun var bygningane som nå blir kalla Kantina/Peisestua og Hytta administrasjonsbygg. Desse bygningane har same materialbruk, konstruksjon og til dels utsmykking som Kongehytta, men er enklare og mindre påkosta. På Vollan i Balsfjord står ei hytte med same bakgrunn. Ho liknar mest Hytta på Høgtun. I dag tilhøyrrer ho Vollan Gjestestue. Alle desse skal vere bygde i 1942. Men utan tvil er det Kongehytta i Heggelia som er mest påkosta og staseleg.

Når det gjeld opphavet til desse bygningane, har eg høyrte ulike versjonar i Målselv. Med ny forskning og faglitteratur innan området kjem nye perspektiv på denne problematikken. Eg ser det som truleg at Heggedal bruk i Asker er sentral som produksjonsstad. Heggedal Bruk produserte større mengder norske typeteikningar til eigen produksjon av prefabrikkerte bygningar under krigen. Alf Whist (1880-1962) grunnla Heggedal Bruk i 1917 og spesialiserte seg etterkvart på produksjon av blant anna prefabrikkerte laftehus.

Alf Whist var ivrig nazist, melde seg inn i Nasjonal Samling (NS) i 1940 og var næringsminister i Quisling si regjering frå 1944. Han var aktivt engasjert i nazistisk ideologi og var ein av dei få som fekk bli med då Quisling var på besøk hos Hitler i 1944. Med denne bakgrunn blei Whist etterkvart storleverandør av ferdighus til okkupasjonsmakta. Whist produserte blant anna denne type bygningar som ein kallar høgstatusbygg. Dei kan gå rett inn i naziideologiens syn på *germansk* arkitektur som blant anna var tufta på den tradisjonelle tyske bondens byggeskikk. Tyskarane kalla desse husa for *Blockhaus*. Denne type bygg kunne også greitt kombinerast med den norske storbondens tradisjonelle hus frå århundre tilbake. Statusen til desse fekk ein oppsving under nasjonalromantikken på 1800-talet og på ny med NS på 1930-talet.

Hus frå Heggedal Bruk blei spreidd over heile landet. Det var ulike typer, alt frå lemmebrakker til lafta høgstatushus av same type som både Kongehytta og dei nemnde husa på Høgtun. Mest truleg har desse bygningane i vårt nærmiljø blitt produsert som ferdighus på Heggedal Bruk. Det karakteristiske er at det er tømmerhus av god kvalitet med stor vekt på dekorative detaljar. Det kan vere utsmykking som utskjæringar på søyler og beitskier. Opphaldsromma har stor peis og ofte kassetthimling (peisestua på Høgtun) eller åstak som i Kongehytta. Ofte er veggjar og himling utsmykka med påmalt dekor (Kongehytta).

Høgstatushus låg som regel i eller ved krigsleirar som arbeidsleirar, reine fangeleirar eller Todtleirar. Her var det meir eller mindre konstant fare for luftangrep frå fienden. Viktige bygningar måtte då ikkje stikke seg ut frå omgivelsane. Tilbaketrekt plassering og bygningstyper som ein kunne tru lokale, sivile bygningar kunne brukast som kamouflasje. Dette rimer godt for Kongehytta der den blei sett opp opphavleg. Også nå ligg hytta godt tilbaketrekt i skråninga opp mot eit bratt og ulendt terreng og kan framleis gå som ein tradisjonell norsk bygning.

Ut frå dette ser eg det som truleg at Kongehytta i Heggelia og Peisestua og Hytta på Høgtun kom prefabrikkerte frå Heggedal Bruk. Truleg blei dei bestilt og sett opp av tilsette i OT, organisasjonen som akkurat i 1942 fekk det dominerande grepet på det tyske byggeriet i Noreg og som same år etablerte to leirar i Målselv. Det kan også tale for at lemmebrakker og andre bygningstyper som okkupantane sette opp i Målselv i stor grad blei produsert på Heggedal Bruk.

Den oppsette lista over kjelder viser litteratur som går grundigare inn i desse emna. Ein kan også kontakte norske forskingsmiljø direkte om ein vil gå vidare inn i stoffet.

Kjelder:

Janne Wilberg. «Den farlige historien er den som forties». Fortidsminneforeningen. Årbok 2016

Janne Wilberg. «Krigens kulturminner i Norge- hva nå?». «*Fortidsvern*». Medlemsblad for Fortidsminneforeningen. Nr. 2/12

Kristoffer Andersen. «Tysk typebyggeri. En studie av brakkebygging og høystatusleirer i Norge under andre verdenskrig». Masteroppgave NTNU vår 2016

Gunnar Hatlehol. «Organisation Todt». Artikkel. Store norske leksikon på nett. Sist oppdatert 8.12. 2016

Vidkunn Haugli, Audhild Olaisen. «Høgtun skolehistorie». Målselv Historielag 2015

Internett: diverse informasjon omkring temaet

Bilder



1. Bildet blei tatt under Kong Olavs besøk på Bardufoss i oktober 1967. Kongen går fra Kongehytta/befalsmessa til hoppbakken for å bli henta av eit helikopter fra 339 skvadron som frakta kongen til åpninga av Tjeldsundbrua. Vi ser litt av Kongehytta med skigard rundt til venstre. Foto utlånt av Morten Kasbergsen



- 2 Kongehytta til høgre. Til venstre det nyare annekset. Sett mot nordaust.



1 Kongehytta sett mot sørvest. Til høgre i forgrunnen ser ein ein del av skigarden som omkransar Kongehytta og annekset.

2 Kongehytta sett mot nord. Den ytre plattingen er av ny dato.




3. til venstre. Del av berande søyle på terrassa. Utsmykking med markant profilering.. til høgre. Langvegg sett mot sør. Viser det solide tømmeret og dei kraftige lafteknutane og rommarkeringa med dekorativ svung nedst.



4 – Grunnmur i naturstein, truleg frå steinbrot ved Andsvatnet.



5 – Dekorativ søyle til den overbygde terrassa.




6 – Indre dør frå hallen ut mot terrassa. Dekorativt smedarbeid som er gjennomført i huset.



7 – Bua dørterskel mellom hall og gang



8 – Utsmykking av åstaket i hallen. Truleg inspirert av tysk folkekunst.



9. Dekorativt smedarbeid. Dørhandtak inne i huset.



10 – Smedarbeid.



11 – Peisen har ein dominerande plass i hallen.



12 . Høgtun. Kantina på Høgtun frå tida som vidaregåande skole. Bygningen blei sett opp i 1942 som administrasjonsbygning i Todtleiren som blei bygd her.



15. – Høgtun. Inngangspartiet til kantina. Detaljane viser nasjonalromantisk preg : profilerte søyler og vindusrekker inspirert av middelaldersk kyrkjearkitektur.



13 – Hytta på Høgtun.



14 -Inngangspartiet på Hytta, Høgtun. Partiet er bygd som svalgang i stavkonstruksjon med profilerte stavar/søyler. Også her er vindusrekkene inspirert frå middelalderkyrkjer.